



Søre Sunnmøre IKT

Årsmelding 2023

Søre Sunnmøre IKT

Innhald

Om samarbeidet	3
Organisasjon	3
Representantskap	3
Styret.....	4
Bemanning	4
Sjukefråvær	5
HMS.....	5
Økonomi og rekneskap	6
Finansiering.....	6
Rekneskap	6
Drift.....	6
Oversikt drift frå rekneskapen	7
Oversikt investeringsbudsjett i rekneskapen	8
Aktivitetar 2023	9
Overordna aktivitetar	9
Ny organisasjonsform	9
Vanylven melder seg ut av SSIKT	9
Ekstern vurdering av samarbeidet og kommunane sitt arbeid med digitalisering.....	10
Informasjonstryggleik, beredskap og varsling.....	10
DIGI Møre og Romsdal	12
Microsoft 365	12
Helseplattformen.....	13
Avdelingsaktivitetar 2023.....	14
Driftssenter	14
Brukarstøtte	15
Tenesteutvikling og prosjekt.....	18

Om samarbeidet

Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Volda og Ørsta. SSIKT skal ivareta deltakarkommunane sine oppgåver innan IKT knytt til drift, driftsstøtte, service, informasjonssikkerheit, implementering og forvaltning av kostnadseffektive driftsløysingar og tenester. SSIKT skal vere ein viktig støttespelar i kommunane sitt strategiske utviklingsarbeid innanfor IKT. Deltakarkommunane skal ha tilgang til tidsrette løysingar og infrastruktur som gir gode og effektive tenester basert på kommunane og innbyggjarane sine behov.

Selskapet vart skipa 17.10.2017, men vart formelt starta 01.01.2018 då dei fleste tilsette frå kommunane sine IKT-avdelingar vart førte over til det nye selskapet. I 2023 endra vi organisasjonsform til kommunalt oppgåvefelleskap etter

Samarbeidet på IKT mellom kommunane her på Søre Sunnmøre går heilt tilbake til 2005 då det vart kjøpt nytt sak/arkiv system på eit felles anbud. Sidan dette har samarbeidet utvikla seg til eit eige selskap som leverer sikre og effektive digitale tenester til 12 500 tilsette og grunnskuleelevar i eigarkommunane våre.

Organisasjon

Søre Sunnmøre IKT vart i 2023 omdanna frå eit interkommunalt samarbeid etter kommunelovas §27 og til eit kommunalt oppgåvefelleskap gjeldande frå 30.09.2023.

Tenestene rekneskap, lønn, HR og arkiv vert levert av Ulstein kommune.

Vi flytta inn i nye kontorlokale januar 2023, og held no til på adresse Nedre Dragsund 2 i Herøy kommune.

Representantskap

Representantskapet til SSIKT vart etablert i forbindelse med overgang til ny organisasjonsform 30.09.23. Representantskapet består av ordførar frå kvar av eigarkommunane.

Representantskapet per. 31.12.2023.

- Stian Skorgen Scheide, Ulstein kommune (leiar)
- Per Are Sørheim, Ørsta kommune (nestleiar)
- Bernt Brandal, Hareid kommune
- Sølvi Dimmen, Volda kommune
- Ann-Kathrin Storøy, Herøy kommune
- Dag Vaagen, Sande kommune

Det er halde 3 representantskapsmøte i 2023 og 18 saker er protokollført.

Styret

Styret til Søre Sunnmøre IKT består av ein representant frå kvar av eigarkommunane.

Styret per. 31.12.2023.

- Monica Cecilie Torp - Ulstein kommune (styreleiar)
- Tor Halvar Flackè Botnen - Herøy kommune (nestleiar)
- Linn Urke - Hareid kommune
- Jarl Martin Møller - Volda kommune
- Bjørn Anders Heggen - Ørsta kommune
- Oddbjørn Indregård - Sande kommune

I 2023 vart det gjort desse endringane i styret.

- Monica Cecilie Torp vart valt til ny styreleiar.
- Hareid kommune sin styrerepresentant Ragnhild Velsvik Berge gjekk ut og vart erstatta av Linn Urke.
- Vanylven kommune sin styrerepresentant Andreas Chr. Nørve gjekk ut og vart erstatta av Silje Ekroll Riborg. Vanylven gjekk ut av styret ved omdanning til ny organisasjonsform.


Det er halde 11 styremøte i 2023, og det har vorte protokollført 56 saker.

Bemanning

Selskapet har per 31.12.2023, 23 stillingsheimlar, med 23 tilsette fordelt på 22,5 årsverk. Dei tilsette er fordelt på 6 kvinner og 17 menn. Samarbeidet har ein løns- og tilsettingspolitikk som ikkje er diskriminerande.

Det er ein tilsett som har slutta i løpet av året. I ein arbeidsmarknad der det er rift om IT-ressursane har det vist seg vanskeleg å rekruttere IT-konsulentar, men vi har lukkast med å få på plass to nytilsette i avdeling brukarstøtte i 2023.

Stillinga som leiar for brukarstøtte vart lyst ut juni 2023, og Sindre Moltu Riisøen vart tilsett. Han har vore tilsett i SSIKT sidan starten og kjem frå stilling som IT-konsulent i brukarstøtteavdelinga.



Figur 1: organisasjonskart pr. 31.12.2023

Sjukefråvær

Sjukefråværet i 2023 var på 5,1%, fordelt på 3,4% langtid og 1,7% korttid. Langtidsfråværet har ikkje vore arbeidsrelatert.

År	Sjukefråvær	Langtid	Korttid
2023	5,1%	3,4%	1,7%
2022	12,2%	9,4%	2,8%
2021	8,7%	6,8%	1,9%
2020	8,7%	7,1%	1,6%
2019	7,1%	5,4%	1,7%

HMS

Det har ikkje blitt rapportert om skader eller ulykker på arbeidsstaden. Selskapet sine tilsette har relevant erfaring og utdanning for det arbeidet dei er sett til å utføre.

Selskapets har ikkje aktivitetar som medfører forureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. I anskaffingar er miljø med som tildelingskriterie som krav i forbindelse med t.d. transport, emballasje og straumbruk. Vi har inngått eigen rammeavtale for avhending av brukt IKT-utstyr, der utstyret enten går til gjenbruk eller vert resirkulert.

Det er etablert rutinar for varsling og melding av avvik. Ingen saker er meldt for kategoriane HMS, ytre miljø og organisasjon.

Økonomi og rekneskap

Finansiering

Søre Sunnmøre IKT si finansiering vert fordelt på kommunane via ein fast fordelingsnøkkel 30/70. 30% vert fordelt flatt på kommunane i samarbeidet og 70% vert fordelt etter innbyggjartal i kvar kommune. Prosentvis fordeling vert som følger:

Hareid	Herøy	Ørsta	Volda	Sande	Vanylven	Ulstein
11,5%	16,7 %	19,6 %	19,4 %	7,7 %	8,6 %	16,4 %

Folketalet er henta frå SSB pr. 2. kvartal 2022

Rekneskap

Drift

Selskapet har for 2023 eit driftsbudsjett på kr. 70 237 879,-. Det var budsjettert med eit negativt driftsresultat på 5 705 000,- som skulle dekkjast inn med bruk av fond.

Rekneskapen viser eit negativt driftsresultat på 2 464 091,-, altså eit mindreforbruk på kr. 3 240 909,- sett opp mot budsjett.

Vi har noko avvik mot budsjett, dette skuldast hovudsakleg:

- Ein stor del av mindreforbruket er knytt til unyttta lønnsmidlar
 - langtidssjukefråvær som ikkje er dekt opp med vikarbruk.
 - foreldrepermisjon, som ikkje er dekt opp med vikarbruk.
 - vakante stillingar som har vore utlyst, men har fått tilsett først mot slutten av året.
 - unyttta midlar til overtid.
- Vi har mindreforbruk på lisens (1,2 mill). Lisenskostnadar er vår største budsjettpost, og vi er aktive i oppfølging av lisensar gjennom året. Mindreforbruk skuldast justering av tal på lisensar og oppfølging av leverandørar.
- Minsteavdraget vart større enn det som var budsjettert (3,6 mill).
- Økonomisk sluttoppgjær med Vanylven var ikkje med i budsjett.
 - Utbetaling av Vanylven sin andel av nettoverdien i selskapet (8,6%), dekt ved bruk av disposisjonsfond
 - Eingongsbidrag frå Vanylven for avviklingstilskot KLP (pensjonsforpliktingar).
 - Eingongsbidrag frå Vanylven for dekning av lånegjeld (ført som inntekt i investeringsrekneskapen)

Under ligg oversikt over drift- og investeringsrekneskapen. Fullt rekneskap ligg som vedlegg til årsmeldinga.

Oversikt drift frå rekneskapen

§ 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift Rekneskap

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2023	Justert budsjett 2023	Opphavelag budsjett 2023	Rekneskap 2022
Driftsinntekter				
Rammetilskot	0	0	0	0
Inntekts- og formuesskatt	0	0	0	0
Eigedomsskatt	0	0	0	0
Andre skatteinntekter	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	0	0	0	0
Overføringer og tilskot frå andre	-70 851 889	-70 237 879	-61 716 116	-72 762 381
Brukarbetalingar	0	0	0	0
Sals- og leigeinntekter	0	0	0	-10 530
Sum driftsinntekter	-70 851 889	-70 237 879	-61 716 116	-72 772 911
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	14 376 700	17 337 201	16 967 721	14 592 425
Sosiale utgifter	3 634 896	5 127 743	5 127 743	3 718 068
Kjøp av varer og tenester	32 885 163	35 599 000	34 894 000	29 919 121
Overføringer og tilskot til andre	9 770 469	8 152 283	0	7 094 403
Avskrivningar	15 073 211	15 073 210	0	11 209 419
Sum driftsutgifter	75 740 440	81 289 437	56 989 464	66 533 436
Brutto driftsresultat	4 888 551	11 051 558	-4 726 652	-6 239 475
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	-1 947 556	0	0	-803 590
Utbytte	0	0	0	0
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-1 558	0	0	364
Renteutgifter	1 879 865	640 336	640 336	866 511
Avdrag på lån	12 718 000	9 086 316	9 086 316	10 147 266
Netto finansutgifter	12 648 751	9 726 652	9 726 652	10 210 551
Motpost avskrivningar	-15 073 211	-15 073 210	0	-11 209 419
Netto driftsresultat	2 464 091	5 705 000	5 000 000	-7 238 343
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	-5 000 000	0
Avsetning til disposisjonsfond				7 238 343
Bruk av disposisjonsfond	-2 464 091	-5 705 000	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-2 464 091	-5 705 000	-5 000 000	7 238 343
Fremført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0

Oversikt investeringsbudsjett i rekneskapen

§ 5-5. Bevilgningsoversikt – investering Rekneskap

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2023	Justert budsjett 2023	Opphavelg budsjett 2023	Rekneskap 2022
Investeringsutgift				
Investeringar i varige driftsmiddel	12 528 525	16 743 591	16 100 000	13 670 512
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0
Investering i aksjar og eigardelar i selskap	14 629	0	0	14 656
Utlån av egne middel	0	0	0	0
Avdrag på lån	7 208 493	5 407 551	0	0
Sum investeringsutgift	19 751 647	22 151 142	16 100 000	13 685 168
Investeringsinntekt				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-2 474 416	-3 352 133	-3 220 000	-2 738 902
Tilskot frå andre	-3 282 493	0	0	-668 689
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av egne middel	0	0	0	0
Bruk av lån	-13 994 738	-18 799 009	-12 880 000	-10 262 921
Sum investeringsinntekt	-19 751 647	-22 151 142	-16 100 000	-13 670 512
Vidareutlån				
Vidareutlån	0	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	0	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	0	0	0	0
Mottekne avdrag på vidareutlån	0	0	0	0
Netto utgift vidareutlån	0	0	0	0
Overføring frå drift og netto avsettingar				
Overføring frå drift	0	0	0	0
Netto avsettingar til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Netto avsettingar til eller bruk av ubundne investeringsfond	0	0	0	-14 656
Dekning av tidlegare års udekte beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	0	0	0	-14 656
Framført til inndecking i seinare år (udekt beløp)	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
Overføring til fordeling (§ 5-5, andre ledd)				
Inntekter til fordeling	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	12 543 154	16 743 591	16 100 000	13 685 168
Sum til fordeling (netto)	12 543 154	16 743 591	16 100 000	13 685 168

Aktivitetar 2023

Overordna aktivitetar

Ny organisasjonsform

Etter at ny kommunelov vart vedtatt 8. juni 2018 er det klart at §27 samarbeidsforma går ut og vert erstatta av to nye samarbeidsformer, kommunalt oppgåvefelleskap og interkommunalt politisk råd. Interkommunalt samarbeid organisert etter kommunelova av 1992 §27 må vere omdanna til ein lovleg samarbeidsmodell innan fire år etter at den nye kommunelova trer i kraft.

Kommunestyra i dei seks eigarkommunane har i 2023 vedteke at Søre Sunnmøre IKT skal endre organisasjonsform til kommunalt oppgåvefelleskap og den nye samarbeidsavtalen er godkjent med verknad frå 30.09.2023.

Tidlegare har SSIKT berre hatt eit styre, med den nye organisasjonsforma følgjer det også eit representantskap. Ordførarane i eigarkommunane vil bli medlemmer av representantskapet, med varaordførarar som personlege varamedlemmer, valde for 4 år.

Representantskapet oppnemner eit styre for selskapet, og dei har valt å halde fram med det sitjande styret. Monica Cecilie Torp vart valt til styreleiar og Tor Halvar Flackè Botnen til nestleiar.

Vanylven melder seg ut av SSIKT

I desember 2022 fatta kommunestyret i Vanylven vedtak om å melde seg ut av Søre Sunnmøre IKT og dei går formelt ut av samarbeidet 31.12.2023.

Søre Sunnmøre IKT sine vedtekter §17-1:

Ein deltakarkommune kan tre ut av samarbeidet etter skriftleg varsel til styret. Utmelding kan tidlegast finne stad eitt år etter at skriftleg varsel er motteke av styret og vert sett i verk frå årsskiftet etter at oppseiingstida er ute.

Vanylven kommune har vore ein av deltakarkommunane i Søre Sunnmøre IKT sidan oppstarten og har i dag tilgang til ei rekke tenester og felles system gjennom SSIKT. Vanylven kommune er tett samanvevd med dei andre kommunane kva gjeld IKT-system, infrastruktur og kontraktar. Gjennom 2023 har det gått med ein del tid på bl.a.

- Reforhandling av kontraktar
- Prosjektplanlegging
- Overføring av data og system
- Avvikling av nettverk og infrastruktur
- Avslutting av kontoar og tilgangar
- Nullstilling av sluttbrukarutstyr
- Utarbeiding av avtalar for utmelding av samarbeidet.

Ekstern vurdering av samarbeidet og kommunane sitt arbeid med digitalisering

I samband med at SSIKT skal over på ny organisasjonsform var det eit ynskje frå eigarane våre at vi samstundes sette i gang ein prosess der det skal vurderast kva som skal ligge i leveransen frå SSIKT. Som ein del av dette arbeidet skal det også gjerast ei vurdering rundt korleis kommunane og SSIKT arbeider med digitalisering.

Kommunedirektørane i våre eigarkommunar hyra inn Tellmann Executive Advisors til å gjere ei vurdering og levere ein rapport som skulle innehalde både funn og framlegg til vidare organisering.

Med bakgrunn i den raske utviklinga av IKT-teknologi og leveranseformer for IKT-tenester i leverandørmarknaden, samt behovet for eit høgare endrings- og effektiviseringstempo i kommunane, ser kommunedirektørane eit behov for å få ei uavhengig analyse av dagens situasjon innanfor drift og utvikling av IKT, digitalisering og tenesteutvikling. Vidare er det behov for å få presentert ulike handlingsalternativ for korleis kommunane kan auke endrings- og effektiviseringstempoet basert på analysen.

Analysen og handlingsalternativa vil bli nytta som diskusjonsgrunnlag for val av framtidig strategi for korleis alle kommunane på Søre Sunnmøre kan utvikle og levere tidsriktige, ressurseffektive og framtidretta tenester (digital transformasjon). Dette gjeld både som eigne sjølvstendige kommunar og saman gjennom interkommunalt samarbeid.

Hausten 2023 deltok styreleiar og dagleg leiar i SSIKT på samling saman med kommunedirektørgruppa der vidare oppfølging av rapporten stod på agendaen. Arbeidet med oppfølging av rapporten held fram i 2024.

Informasjonstryggleik, beredskap og varslings

Vi står framleis overfor auka risiko for digitale angrep. I NSM sin rapport – Nasjonalt digitalt risikobilde 2023 står det følgjande:

«Cyberangrep har blitt hverdagskost. Virksomheter må gjere det de kan for å forhindre, avdekke og håndtere hendelsene når de oppstår. For det er et spørsmål om når - ikke hvis.»

Vi ser på god risikostyring, rett bruk av kompetanse og tydlege mandat på tvers av organiseringa som nøkkelforutsetningar for å lykkast med IT-tryggleik i møte med stadig meir sofistikerte trusselaktørar.

I 2023 gjekk vi til anskaffing av ein «Sikkerheitspartner». Anskaffinga vart køyrt i samarbeid med to av dei andre IT-samarbeida i fylket, arrangert gjennom Digi Møre og Romsdal.

Ekstern tryggleiksrevisjon

I 2022 var SSIKT gjennom ein ekstern tryggleiksrevisjon med trusselvurdering og sårbarheitsanalyse. Formålet med revisjonen var å identifisere kva område SSIKT og kommunane må fokusere på for å forbetre tryggleiksnivået.

I 2023 har vi hatt ei ny runde med ekstern tryggleiksrevisjon. Revisjonen var lagt opp som ein penetrasjonstest av våre system og infrastruktur. Det er ein viktig del av tryggleiksarbeidet at vi faktisk testar om våre sikringstiltak og mekanismar fungerer i praksis.

Begge revisjonen vart utført av konsultentselskapet KPMG.

Risikoen for digitale angrep krev ikkje berre at vi jobbar aktivt med førebygging og ulike sikringstiltak, men vi må vere forberedt på korleis vi skal handtere eit potensielt angrep. Søre Sunnmøre IKT har ein eigen beredskapsplan, og vi gjennomfører årlege øvingar med digitale angrep som scenario.

Faggruppe sikkerheitsansvarlege

Det har blitt oppretta ei faggruppe for sikkerheitsansvarlege med ein representant frå kvar kommune og ein tilsett frå SSIKT. Dei sikkerheitsansvarlege:

- Har det utøvande ansvaret for den delen av internkontrollen som gjeld informasjonssikkerheit
- Skal rettleie og gje råd til tilsette og leiarar i spørsmål om informasjonssikkerheit
- Skal drive haldningsskapande arbeid, spreie kunnskap og vere ein pådrivar i faget
- Skal hjelpe leiarar med risikovurderingar ved innføring av nye eller ved endring av eksisterande IKT-løysningar
- Skal hjelpe ved gjennomføring av sikkerheitsrevisjonar

I løpet av året har dei utarbeida felles IKT-instruks, i tillegg til ei handbok i informasjonssikkerheit for alle tilsette. Dei er også involvert i arbeid med ny felles nettside som skal omhandle informasjon om tenestene våre sett i samanheng med personvern og informasjonssikkerheit.

I samband med nasjonal sikkerheitsmånad 2023, arrangerte sikkerheitsgruppa eit digitalt kurs i informasjonssikkerheit for alle dei tilsette i våre medlemskommunar.

Fagdag informasjonssikkerheit

Saman med faggruppa for sikkerheitsansvarlege arrangerte vi ein eigen fagdag for alle leiarar i kommunane med sikkerheit som tema. Dagen handla om at vi i fellesskap skal syte for eit digitalt miljø der innbyggjarane sitt personvern og kommunane sine data er godt beskytta. KPMG heldt foredrag om dagens trusselbilette. Gjennom framtidretta teknologi og bevisstgjerings skal vi bygge tillit, drive innovasjon og sikre at kommunane sine digitale tenester er pålitelege og tilgjengelege.

DIGI Møre og Romsdal

Alle kommunane på Søre Sunnmøre er medlem av Digi Møre og Romsdal. Dagleg leiar i Søre Sunnmøre IKT er medlem i arbeidsutvalet for Digi M&R, samt i IKT-strategisk forum der målet er tettare dialog mellom IKT-miljøa i fylket.

Føremålet med Digi Møre og Romsdal er å etablere eit regionalt samarbeid om digitalisering med fylgjande innsatsområde:

- Prosjektoversikt og deling av gode Løysingar:
 - Vi held oversikt over pågåande prosjekt og deler gode løysingar internt. Dette gjer at vi kan lære av kvarandre og effektivisere arbeidet.
- Samarbeid med andre regionale digitaliseringsnettverk:
 - Der det er hensiktsmessig, samarbeider vi med andre regionale digitaliseringsnettverk. Dette gir oss moglegheit til å utveksle kunnskap og erfaringar.
- Utrulling av nasjonale fellesløysingar:
 - Vi deltek i samarbeid om utrulling av nasjonale fellesløysingar. Dette gjer at vi kan nyttiggjere oss av standardiserte løysingar og spare ressursar.
- Auka digital modenheit og felles digital kompetanse:
 - Vi jobbar med å auke vår digitale modenheit og deler kompetanse på tvers av organisasjonen. Dette gjer oss betre rusta til å møte framtidige utfordringar.
- Samarbeid om tenesteutvikling:
 - Vi samarbeider aktivt om utvikling av tenester. Dette sikrar at vi kan tilby moderne og effektive løysingar til innbyggjarane våre.

Microsoft 365

Sikker jobbinformasjon på private mobile einingar

Microsoft Intune firmaportal vart innført for alle kommunane for å sikre jobbinformasjon på private mobile einingar som til dømes mobiltelefon og nettbrett. Tilsette som ynskjer å bruke jobbappar, som t.d. Microsoft Teams eller Outlook, på privat mobil må laste dei ned via Microsoft Intune firmaportal. Firmaportalen krev eit visst sikkerheitsnivå på telefonen, som til dømes passordpålogging og kryptering.

SSIKT si brukarstøtteavdeling var fleire dagar tilgjengeleg ute i kvar kommune for å hjelpe tilsette med å få på plass jobbappar på mobilane etter at det vart innført strengare sikkerheitstiltak.

Utfasing av gamle lokale filområder

Ved tildeling av ein Microsoft 365 lisens blir brukaren tildelt eit privat lagringsområde i OneDrive og felles lagringsområde i Teams (SharePoint). Dei lokale filområda har i ein overgangsfase vore tilgjengelege for brukarane med lesetilgang og ikkje redigeringstilgang. SSIKT har i løpet av 2023 også fjerna lesetilgang til dei lokale filområda, slik at informasjonen no berre ligg tilgjengeleg i OneDrive eller Teams (SharePoint).

E-post for Microsoft 365 (Exchange Online)

I løpet av 2023 har det blitt gjennomført ein overgang frå lokal Exchange server til Exchange online som er Microsoft 365 versjonen av Outlook. Dette betyr at e-postboksene til brukarane har blitt flytta frå lokal server til Microsoft si 365 skyløysing.

Prosjektet har gått veldig bra, og sluttbrukaren har merka lite til denne prosessen. Suksesskriteria i prosjektet har vore grundig planlegging og mykje testing før overgangen. Dei tilsette i SSIKT var tidlege pilotar i prosjektet og Ulstein kommune starta som pilotkommune i juni. E-postkontoane til brukarane i dei andre kommunane vart flytta i løpet av oktober 2023.

Microsoft 365 for helse og omsorg

På slutten av 2023 starta vi prosjektet med overgang til Microsoft 365 for helse- og omsorg i alle kommunane. Prosjektet vil bli fullført i byrjinga av 2024.

Helseplattformen

SSIKT har følgd kommunane sine lokale innføringsleiarar (LIL) tett i arbeidet med forprosjekt for innføring av Helseplattformen, og bidreg i eller tek hovudansvar for ei rekke arbeidspakkar knytt til integrasjon, datamigrering, sluttbrukarutstyr og teknisk oppsett. Vi deltek både i vektlege samarbeidsmøte for LIL i våre kommunar, i dialog med Helseplattformen, i møter med andre kommunar i innføringsløpa PD3 og KI1, og i erfaringsdeling frå kommunar som allereie har teke Helseplattformen i bruk.

For å straumlinjeforme dette arbeidet mest mogleg har vi eitt kontaktpunkt inn til oss for alle spørsmål som omhandlar Helseplattformen. Alle spørsmål frå kommunane skal rettast til Inge Pettersen i SSIKT, primært via etablerte kanalar i MS Teams eller i faste møter. Dette gjer vi for å sikre at alle kommunane får informasjon på ein koordinert måte, med likt innhald og til same tid. I tillegg reduserer det belastninga på brukarstøtte og driftssenteret hos SSIKT.

Det er etablert ein [FAQ som skildrar tekniske krav og anbefalingar i Helseplattformen](#), samt korleis bestilling av sluttbrukarutstyr skal gjerast. Informasjonen frå Helseplattformen er fragmentert og ofte lite tilgjengeleg. Vi samlar denne og tydeleggjer den etter beste evne, etterkvart som den kjem til oss.

At SSIKT er tett involvert i arbeidet sikrar at vi tek i vare kommunane sitt behov for informasjon og raske avklaringar på ein best mogleg måte, og samstundes kan utføre oppgåver vi har ansvar for til rett tid. Ved at kommunane har eit kontaktpunkt for alle spørsmål sikrar vi at alle får korrekt og lik informasjon gjennom heile innføringsløpet. Det ein kommune lurar på vil gjerne fem andre også stille spørsmål om i løpet av kort tid.

Avdelingsaktivitetar 2023

Driftssenter

Generelt

Overgangen til M365 har vore arbeidskrevjande og gjennom året har det i snitt gått med to årsverk til dette arbeidet. Det er særst viktig at alle strukturar er godt gjennomtenkte før implementering, med tanke på sikkerheit og korleis ein skal drifte og forvalte M365 på best måte i det daglege.

Elles kjem det oftare inn førespurnadar om vi kan kvalitetssikre og vurdere anbodsdokument, og vere med på vurdering av svar. Det er ei god utvikling og noko vi har etterspurt at kommunane skal gjere lenge. For avdelinga går det som regel i nettverksdesign og sikkerheita i system.

Fagsystem

Denne avdelinga oppgraderer jamt og trutt fagsystem gjennom året. Vi har framleis mange system køyrande på lokale serverar. Dette vere seg pasientvarsling, adgangskontroll, byggstyring, kommunaltekniske system, journalsystem for lege/helse, barnevern, NAV – for å nemne nokre. Enkelte system oppgraderar vi i si heilheit sjølve, for andre kan det vere leverandørar som er inne og gjer ein bit medan vi endrar det som trengs i infrastrukturen.

Infrastruktur

Arbeidet med modernisering av nettverksinfrastruktur er eit stort område og noko som vi brukar tid på. Her er det viktig å halde både maskinvara og programvara som styrer nettverket oppdatert, med tanke på funksjonalitet for brukarane og sikkerheit. Vi held framleis på med omlegging til eit nytt og tryggare aksessnett med autentisering på alle switchportar. Planen var å få dette heilt ferdigstilt i løpet av året, men det gjekk ikkje. Vi har att store bygg i Volda og Ørsta sentrum som er tidkrevjande å kartlegge alt utstyr på. Om lag 90% av nettverket er lagt om per no.

Vi har i løpet av hausten laga til eit design for redundans på linjer til kritiske bygg, der vi nyttar mobilnettet til kommunikasjon, viss fiberlinja til bygget skulle gå ned. Her har vi ivareteke alle nettverkssoner og sjølvstekt sikkerheit. Løysinga er fullautomatisk når den er plassert ut på eit bygg slik at det ikkje er nedetid, eller at vi må ut og setje det i drift ved linjeutfall. Dette kan verte ei særst god og rimeleg forsikring for til dømes omsorgsinstitusjonar med pasientvarsling.

Elles på infrastrukturensida har vi gjennom året planlagt og gjort ting som høyrer inn under normal drift, som:

- Bytta lagringsløyning (SAN). Det vi bytta ut var sju år gammalt og vi seier oss godt nøgde med å kunne bruke slik maskinvara så lenge.
- Bytta maskinvara og modernisert halvparten av vår Citrix Netscaler løyning. Denne er heilt sentral i nettverket for leveranse av tenester og sikkerheita til desse. Så godt

som all trafikk til/frå tenester i vårt datasenter går gjennom denne løysinga. Andre halvdel av løysinga skal bytast i 2024.

- Bytta og oppgradert tenarar for servervirtualisering. Vi har stort sett årleg tenarar som passerer alderen der leverandøren ikkje lenger vil selje garanti, eller der prisen for garanti vert veldig høg grunna alder. Utan garanti frå leverandør så kan vi ikkje bruke maskinvara i produksjon utan høgare risiko for uønskt nedetid.

Vi har gjennom året brukt tid saman med ROR IKT (Romsdalsregionen) og eKommune (Ålesundsregionen) på utarbeiding og kontraktstildeling for det vi har kalla «Sikkerhetspartner». Arbeidet har formelt vore organisert under DigiMR. I 2021 hadde vi planar om å kjøpe ein slik overvakingsteneste, men bestemte oss for å gå saman, slik at vi kunne hjelpe kvarandre med innkjøpet av slik teneste. Det ser vi på som eit godt val og er nøgde med resultatet etter fullført konkurranse. Kontrakten var det Atea AS som fekk. Tenesta vert viktig for oss for å kunne overvake så mykje som råd av infrastrukturen døgnet rundt. Mellom anna peikar rapporten frå KPMG på kor viktig det er å kunne detektere og respondere på sikkerheitshendingar 24/7, noko som også er i tråd med anbefalingane ein finn i NSM sine grunnprinsipp for sikkerheit.

Brukarstøtte

Avdelinga har per i dag 10 fast tilsette pluss lærling. Brukarstøtte har normalt 3-4 personar dedikert til brukarstøtte alle vekedagar 8-16. Desse har då eit hovudansvar for å handsame saker som vert meldt inn via telefon, e-post og brukarstøtteportalen. I tillegg tek dei tilsette del i prosjekt og er med på å utvikle og forbetre SSIKT sine tenester.

I august fekk Sindre Moltu Riisøen stillinga som ny leiar for avdelinga. I tillegg vart Rahim Kayed og Karl Joakim Tislavoll Lekven tilsett i ledige stillingar mot slutten av året.

I 2023 har avdelinga hatt stort fokus på intern opplæring. Tilsette har blitt tildelt ulike ansvarsområde og har då ansvar for interne rutinar og opplæring, rettleiingar for sluttbrukarar og deltaking i prosjekt innanfor sitt ansvarsområde. Vi har køyrt faste opplæringssesjonar ein gong i månaden som den ansvarlege for eit ansvarsområde førebur og gjennomfører.

Arbeidet med å utvikle brukarstøtteportalen vidare har også vore eit satsingsområde i 2023. Vi har utarbeida mange nye rettleiingar og skjemaløysinga har blitt utvida blant anna for å sikre flyt av informasjon vidare systemansvarlege til kommunane ved oppretting og sletting av brukarkontoar.

Innføring av Microsoft firmaportal for tilgang til e-post og anna bedriftsdata på mobile einingar har kravd mykje ressursar i 2023. Vi prioriterte utarbeiding av gode rettleiingar og fysisk oppmøte på rådhus til annonserte tidspunkt for å gjere overgangen så god som mogleg både for sluttbrukarane og brukarstøtte-avdelinga. Prosjekt for overføring av kommunalt eigde mobile einingar frå styringssystemet Airwatch til nytt system Intune vart også starta i andre halvdel av 2023 og er planlagt fullført innan utgangen av 2024.

I 2023 kom det inn 17 561 saker til brukarstøtte, ein auke på 4,7% frå fjorårets 16 729 saker.

Figurane under syner kommunevis fordeling der ein også ser sakstype.

Forklaring av sakstypar:

Bestilling: Bestilling av utstyr og tenester. Til dømes er oppretting av brukarkonto eller installering av programvare kategorisert som bestilling.

Førespurnad: Hjelp med bruk av programvare og utstyr. Kategorien vert brukt når tilsette treng hjelp utan at noko er gale. Til dømes legge inn e-post på mobil.

Hending: Brukt når noko ikkje fungerer som tiltenkt. Til dømes PC ladar ikkje eller ei teneste er utilgjengeleg.




Diagrammet syner det totale talet på saker per kommune oppretta i 2023. Merk at lågt tal for Ørsta kjem av at SSIKT ikkje drifrar brukarkontoar og datautstyr for lærarar og elevar i Ørsta.



Diagrammet syner fordeling av saker per kommune i prosent.



Diagrammet syner tal på saker for kommunen delt på aktive brukarkontoar registrert i kommunen. Med andre ord eit snitt for talet på saker per tilsett. Det er naturleg at dei større kommunane får eit lågare tal sidan éin tilsett kan melde ei sak på vegne av ei større avdeling slik at kvar enkelt tilsett er sjeldnare i kontakt med brukarstøtte.



Diagrammet syner den interne fordelinga mellom sakstypar for kvar enkelt kommune. Fordelinga mellom sakstypane kan nyttast til å få eit inntrykk av kva tiltak som kan gjerast for å redusere talet på saker. Til dømes kan eit høgt tal for “førespurnad” tyde på at dei tilsette treng betre opplæring. Sakstypen hending er samla sett redusert frå 28,5 % i 2022 til 24 % i 2023. Ei positiv utvikling sidan dette er sakstypen SSIKT i størst grad kan påverke.

Brukarstøttesystemet vert også brukt til endringshandtering – om det er ynskjer som kjem inn frå kommunane, eller endringar som vi har planlagt sjølve, skal dette registrerast. På denne måten har vi god oversikt over alle endringar som vert utført i våre system.

Talet på einingar som vi skal drifte og supportere held fram med å auke. Kommunane skal løyse samfunnsoppdraget på nye måtar og digitalisering er eitt av tiltaka. Vi jobbar med å automatisere og straumlinjeforme leveransen vår. Nye verkty for KI og automatisering vil gjere denne jobben enklare i tida som kjem.

Tenesteutvikling og prosjekt

Gerica integrasjon mot Kjernejournal

Kjernejournal er ei nasjonal fellesløsning som inneheld informasjon om legemiddel, status på reseptar og kritisk informasjon om den enkelte pasient - på tvers av ulike aktørar innan helsetenesta. Kjernejournal krev autentisering på nivå "person høg" (eIDAS High), der primærløysinga for tilsette i våre kommunar er Buypass FIDO2. Privat BankID kan nyttast som reserveløysing dersom tilsette har gløymt sin personlege Yubikey heime, eller ved nedetid. Sjukepleiarar, vernepleiarar og sjukeheimslegar er dei som i hovudsak har tilgang til Kjernejournal.

Innføringa har vore ein kompleks leveranse med utstrekt samarbeid mellom SSIKT, TietoEvry og kommunane. I tillegg til det tekniske oppsettet i Gerica omfattar dette autentiseringsløysinga, utskifting av tynnklientar med tjukke klientar, revisjon av kommunane sine oppføringar i Brønnøysundregisteret og samstemming mot nivåstrukturen i Gerica, samt registrering av HPR-nummer og helseprofesjon for aktuelle tilsette i Gerica. I tillegg er det utarbeidd rutinar og informasjonsmateriell til bruk i kommunane.

Superbrukarar i kommunane fekk opplæring i bruk av Kjernejournal 17. april 2023. Same dag vart løysinga sett i drift, og Kjernejournal er no tilgjengeleg. Superbrukarane i den einskilde kommune har ansvar for å lære opp sine kollegaer i bruken av løysinga.

Erfaringar frå andre kommunar viser at tilgang til Kjernejournal reduserer tidkrevjande kommunikasjon med fastlege knytt til legemiddel og status på reseptar for desse, særleg i heimesjukepleia. I tillegg gir løysinga tilgang til kritisk informasjon for brukarar som ikkje er kjende frå før, og kan bidra til betre samstemming av legemiddel. Løysinga gir også ein komplett vaksineoversikt.

For å få ut desse gevinstane er det viktig at opplæringa vert vidareført ute i kommunane, slik at alt aktuelt helsepersonell får kjennskap til løysinga og får etablert rutinar knytt til bruk av den. Erfaring frå ein del andre kommunar er at dette er viktig for å ta ned terskelen for å gjere naudsynte oppslag i Kjernejournal. At mellomleiarar går føre som gode eksempel er også viktig.

Gerica skatte- og inntektsopplysningar

Frå 15.11.2023 inneheld ikkje Infotorg lengre opplysningar frå Skatteetaten. Denne tenesta har i ei årrekke vore nytta av sakshandsamarar i kommunane for å innhente skatteopplysningar, som er naudsynte for berekning av vederlag for langtidsopphald i institusjon. Infotorg har også vore leverandør av ei samla, årleg inntektsfil for Sjustjerna som er integrert i Gerica og dannar grunnlag for berekning av korrekt betalingsatts for heimehjelp.

Rundt årsskiftet 2023-24 var ein ny integrasjon frå Gerica på plass. Denne hentar skatte- og inntektsopplysningar i sanntid frå KS Fiks, der ein kan gjere direkte spørjing etter skatte- og inntektsopplysningar i sanntid frå Gerica. Tilsette som jobbar med vederlagsberekning eller

sakshandsaming av heimehjelp i kommunane har også fått naudsynt opplæring frå leverandør.

Innføringa av denne modulen var ein føresetnad for at kommunane skulle ha grunnlag til å krevje eigenbetaling for institusjonsopphald og heimehjelp frå 01.01.2024, då det ikkje finnast noko alternativ. Det er såleis ein modul vi måtte ha på plass. At ein kan innhente inntektsopplysningar knytt til vederlagsberekning institusjon direkte i Gericar er ei forenkling av sakshandsamingsprosessen, og eliminerer bruken av sidesystem for å få tilgang til slike opplysningar. Dette vil gi innsparing av tid i sakshandsaminga og redusere potensialet for feil som oppstår ved manuell overføring av data frå eit system til eit anna.

Arkivintegrasjon Visma – Acos Websak

Det er satt opp arkivintegrasjon mellom Visma og Acos Websak+. Arbeidsavtalar flyt no mellom systema i staden for manuell flytting av dokument. På sikt er det også tenkt at dette skal gjelde tenestebevis. Arkivintegrasjon for resultatbrev frå forhandlingar er også eit stort ønske, men det er pr i dag ikkje teknisk mogleg frå Visma si side, og er derfor meldt inn som endringsønske.

Masseregistrering av møtegodtgjersle

Møtegodtgjersle til folkevalde er på veg til å digitaliserast. Det er prøvd forskjellige variantar i løpet av året, men fleire går no over frå excel-fil til masseregistrering på web. Det gjer det enklare å attestere/tilvise, og manuell utskrift på papir er ikkje naudsynt.

Remittering utleggstrekk

Remittering utleggstrekk/skattetrekk er satt opp for ei kommune, og her vert det jobba med å få dette utvida til fleire kommunar. Fleire ønsker å vente med dette til det også er mogleg å remittere arbeidsgivaravgift i same prosess.

Mytos fakturakontroll

Mytos fakturakontroll er ein teneste for å skilje mellom jobb- og privatbruk for tilsette med mobilabonnement dekt av arbeidsgivar, der privat forbruk går direkte til lønnstrekk. Løysinga er i løpet av 2023 satt i drift i fleire av kommunane.

Innkjøp og innføring av nytt oppvekstadministrativt system

I 2023 har det vorte investert i nytt oppvekstadministrativt system for heile Sjustjerna. Kontrakta vart tildelt Vigilo OAS og systemet femnar om både barnehage, skule og SFO, i tillegg til kommunikasjonsløyising mot foreldre.

Systemet vart driftssett 1. august etter grundig innkjøpsprosess og implementering i løpet av våren.

Systemet forvaltar no, m.a., følgende prosessar for kommunane: Administrasjon av barn, elevar og tilsette, barnehageopptak, SFO-opptak, grunnlag for fakturering og variabel løn, timeplanlegging, søknadsprosessar som t.d. redusert foreldrebetaling og elevpermisjonar, elevvurderingar, samtykkeforvaltning, tilrettelegging, pedagogisk planlegging og digital kommunikasjon med heimane.

Med innføring av Vigilo, har kommunen fått eit framtidsretta og heilskapleg oppvekstadministrativt system som:

- bidreg til å etterleve lovverk,
- gir effektive sakshandsamingsprosessar
- reduserer sårbarheiter i form av at mange nyttar same systemet både internt i kommunane og i samarbeidet
- gir gode synergjar i form av samarbeid og deling på tvers av kommunane
- bidreg til godt omdømme ved at ein møter foreldre sine forventningar om digital samhandling

Illustrasjonen under gir eit bilete av dataflyten rundt system:



Faggruppe lønn

Det har vore månedlege møte for alle lønsmedarbeidarar gjennom året. Her har ein fått teke opp saker på tvers av kommunane, noko som fører til godt samarbeid og utveksling av erfaringar. På nokre av møta har det vore felles deltaking på kurs, til dømes feriepengekurs, årsavslutning eller refusjon.

Faggruppe for sak- arkiv

Faggruppe for sak- arkiv har hatt jamlege møter gjennom året. Det har ikkje vore store prosjekt, men samarbeid både i forhold til arkivfaglege spørsmål, forbetring av rutinar og administrasjon av sak- arkiv systemet Acos Websak. Det har vore eit godt samarbeid i faggruppa og dei har blant anna samarbeida om digital opplæring av saksbehandlarane på tvers av kommunane gjennom opplæringswebinar på Teams.

Faggruppe for kommunikasjon

Faggruppe for Kommunikasjon har hatt jamlege samarbeidsmøte gjennom året.

Faggruppa har blant anna jobba med å få på plass eit felles rammeverk for opplæring i klarspråk i samsvar med språkprofilen til kommunane. Dette vil vere utgangspunkt for vidare opplæring av saksbehandlarar og leiarar i kommunane. Klarspråkoplæringa vil trekke fram kvifor det er viktig å ha fokus på klarspråk ut mot innbyggjarane og sjølve skriveprosessen, der praktisk gjennomgang av tekstar vil vere ein del av opplæringa.

Faggruppe for kommunikasjon har også sett på moglegheitene for å nytte kunstig intelligens i arbeidet med kommunikasjon. KI kan vere til stor hjelp for å effektivt arbeide med lange tekstar og skrive korte innhaldsreferat som er tilpassa til ei bestemt målgruppe. KI kan også enkelt omsette tekstar frå norsk til andre språk ved behov for informasjon på fleire språk. KI kan også brukast til å analysere videoar, transkribere tale til tekst og generere undertekstar. Som manuelle prosessar er dette veldig tidkrevjande prosessar, men ved å ta i bruk KI for videoanalyse så kan videoinnhaldet enkelt gjerast meir tilgjengeleg for innbyggjarane.

Guro Gausemel

Dagleg leiar

Søre Sunnmøre IKT

Dragsund 30.04.2024



Søre Sunnmøre IKT

Rekneskap 2023

Søre Sunnmøre IKT

INNHALD

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT	3
DRIFTSREKNESKAPEN.....	4
DRIFTSOMRÅDET.....	5
INVESTERINGSREKNESKAPEN.....	6
INVESTERINGSREKNESKAPEN FORDELT PÅ PROSJEKT	7
BALANSEREREKNESKAPEN	8
BUDSJETTAVVIK OG ÅRSAVSLUTNINGS DISPOSISJONAR.....	9
NOTE 1: Arbeidskapitalen.....	10
NOTE 2: Kapitalkonto.....	10
NOTE 3: Lån og minsteavdrag.....	10
NOTE 4: Varige driftsmiddel.....	11
NOTE 5: Aksjer og andelar	11
NOTE 6: Fond.....	12
FORDRINGAR.....	13
GJELD	13

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT

§ 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift Rekneskap

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2023	Justert budsjett 2023	Opphavelg budsjett 2023	Rekneskap 2022
Driftsinntekter				
Rammetilskot	0	0	0	0
Inntekts- og formuesskatt	0	0	0	0
Eigedomsskatt	0	0	0	0
Andre skatteinntekter	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	0	0	0	0
Overføringer og tilskot frå andre	-70 851 889	-70 237 879	-61 716 116	-72 762 381
Brukarbetalingar	0	0	0	0
Sals- og leigeinntekter	0	0	0	-10 530
Sum driftsinntekter	-70 851 889	-70 237 879	-61 716 116	-72 772 911
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	14 376 700	17 337 201	16 967 721	14 592 425
Sosiale utgifter	3 634 896	5 127 743	5 127 743	3 718 068
Kjøp av varer og tenester	32 885 163	35 599 000	34 894 000	29 919 121
Overføringer og tilskot til andre	9 770 469	8 152 283	0	7 094 403
Avskrivningar	15 073 211	15 073 210	0	11 209 419
Sum driftsutgifter	75 740 440	81 289 437	56 989 464	66 533 436
Brutto driftsresultat	4 888 551	11 051 558	-4 726 652	-6 239 475
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	-1 947 556	0	0	-803 590
Utbytte	0	0	0	0
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-1 558	0	0	364
Renteutgifter	1 879 865	640 336	640 336	866 511
Avdrag på lån	12 718 000	9 086 316	9 086 316	10 147 266
Netto finansutgifter	12 648 751	9 726 652	9 726 652	10 210 551
Motpost avskrivningar	-15 073 211	-15 073 210	0	-11 209 419
Netto driftsresultat	2 464 091	5 705 000	5 000 000	-7 238 343
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	-5 000 000	0
Avsetning til disposisjonsfond				7 238 343
Bruk av disposisjonsfond	-2 464 091	-5 705 000	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-2 464 091	-5 705 000	-5 000 000	7 238 343
Fremført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0

DRIFTSREKNEKAPEN

§ 5-4. Bevillingsoversikt – drift Rekneskap

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2023	Justert budsjett 2023	Opphavelg budsjett 2023	Rekneskap 2022
Generelle driftsinntekter				
Rammetilskot		0	0	0
Inntekts- og formuesskatt	0	0	0	0
Eigedomsskatt	0	0	0	0
Andre generelle driftsinntekter	0	0	0	0
Sum generelle driftsinntekter	0	0	0	0
Netto driftsutgifter				
Sum bevilningar til drift, netto	-10 184 660	-4 021 652	-4 726 652	-17 448 894
Avskrivningar	15 073 211	15 073 211	0	11 209 419
Sum netto driftsutgifter	4 888 551	11 051 559	-4 726 652	-6 239 475
Brutto driftsresultat	4 888 551	11 051 559	-4 726 652	-6 239 475
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	-1 947 556	0	0	-803 590
Utbytte	0	0	0	0
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-1 558	0	0	364
Renteutgifter	1 879 865	640 336	640 336	866 511
Avdrag på lån	12 718 000	9 086 316	9 086 316	10 147 266
Netto finansutgifter	12 648 751	9 726 652	9 726 652	10 210 551
Motpost avskrivningar	-15 073 211	-15 073 211	0	-11 209 419
Netto driftsresultat	2 464 091	5 705 000	5 000 000	-7 238 343
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	-5 000 000	0
Avsetning til disposisjonsfond				7 238 343
Bruk av disposisjonsfond	-2 464 091	-5 705 000	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-2 464 091	-5 705 000	-5 000 000	7 238 343
Framført til dekning seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0

DRIFTSOMRÅDET

§ 5-4. Bevillingsoversikt drift, Rekneskap fordelt per ansvar

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2023	Justert budsjett 2023	Opphavelg budsjett 2023	Rekneskap 2022
Frå bevillingsoversikt:				
Til fordeling drift	-10 184 660	-4 021 652	-4 726 652	-17 448 894
Netto driftsutgifter per ansvar				
Driftsenteret	22 499 013	26 316 932	26 316 932	22 896 149
Brukarstøtte/prosjekt	7 831 857	9 184 466	10 437 625	8 253 127
Fag-Omsorg	3 451 626	4 161 961	4 161 961	3 887 299
Fag-Økonomi og lønn	5 994 490	6 407 086	6 407 086	5 042 181
Fag-Sak/arkiv og web	3 987 047	4 252 930	4 252 930	4 014 524
Fag-Oppvekst	1 922 686	2 063 930	2 063 930	1 306 412
Felleskostnadar	-55 871 379	-56 408 957	-58 367 116	-62 848 587
Netto for alle ansvar	-10 184 660	-4 021 652	-4 726 652	-17 448 895

INVESTERINGSREKNESKAPEN

§ 5-5. Bevillingsoversikt – investering Rekneskap

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2023	Justert budsjett 2023	Opphavelig budsjett 2023	Rekneskap 2022
Investeringsutgift				
Investeringar i varige driftsmiddel	12 528 525	16 743 591	16 100 000	13 670 512
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0
Investering i aksjar og eigardelar i selskap	14 629	0	0	14 656
Utlån av egne middel	0	0	0	0
Avdrag på lån	7 208 493	5 407 551	0	0
Sum investeringsutgift	19 751 647	22 151 142	16 100 000	13 685 168
Investeringsinntekt				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-2 474 416	-3 352 133	-3 220 000	-2 738 902
Tilskot frå andre	-3 282 493	0	0	-668 689
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av egne middel	0	0	0	0
Bruk av lån	-13 994 738	-18 799 009	-12 880 000	-10 262 921
Sum investeringsinntekt	-19 751 647	-22 151 142	-16 100 000	-13 670 512
Vidareutlån				
Vidareutlån	0	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	0	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	0	0	0	0
Mottekne avdrag på vidareutlån	0	0	0	0
Netto utgift vidareutlån	0	0	0	0
Overføring frå drift og netto avsettingar				
Overføring frå drift	0	0	0	0
Netto avsettingar til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Netto avsettingar til eller bruk av ubundne investeringsfond	0	0	0	-14 656
Dekning av tidlegare års udekte beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	0	0	0	-14 656
Framført til inndecking i seinare år (udekt beløp)	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
Overføring til fordeling (§ 5-5, andre ledd)				
Inntekter til fordeling	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	12 543 154	16 743 591	16 100 000	13 685 168
Sum til fordeling (netto)	12 543 154	16 743 591	16 100 000	13 685 168

INVESTERINGSREKNESKAPEN FORDELT PÅ PROSJEKT

§ 5-5. Bevillingsoversikt – investering Rekneskap til fordeling

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2023	Justert budsjett 2023	Opphavelag budsjett 2023	Rekneskap 2022
Frå bevillingsoversikt:				
Investeringar til fordeling (netto)	12 543 154	0	0	13 685 168
Fordeling på prosjekt				
Nettverksutstyr kommunar 2022	0	0	0	896 413
Nettverksutstyr komunar 2023	4 606 292	3 943 414	3 350 000	0
Hardware/Software driftssenter 2022	0	0	0	1 930 039
Hardware/Software driftssenter 2023	6 124 020	9 453 640	6 000 000	0
Egenkapitaltilskot	14 629	0	0	14 656
Gerica digitalisering	0	0	0	308 649
Gerica Digitalisering 2023	121 140	562 500	0	0
Integrasjon mellom Visma enterprise og Sak/arkiv (Acos)	0	250 000	250 000	0
Postgis	68 750	250 000	250 000	0
Nytt Økonomi/Lønn/HR system	0	0	0	6 264 724
Nytt Økonomi/Lønn/HR system 2021	-24 688	0	0	0
Byggesak, modul for automatisering av søknadsprosess for innbyggjar 2021	0	0	0	122 500
Digitalisering sak/arkiv 2021	0	0	0	326 595
Digitalisering oppvekst	0	0	0	168 391
Oppvekst 2023 OAS	1 633 011	2 284 037	6 250 000	0
Nettverkskomponentar i kommunane 2022	0	0	0	2 701 078
Arealplaner 2022	0	0	0	952 125
Eingongsbidrag utmelding Vanylven	0	0	0	0
Sum fordelt	12 543 154	16 743 591	16 100 000	13 685 170

BALANSEREKNEKAPEN

§ 5-8. Balanserekneskapen

Tal i 1 kroner	Note	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Faste eigedomar og anlegg		0	0
Utstyr, maskinar og transportmiddel		47 685 818	50 230 503
Finansielle anleggsmiddel			
Aksjar og eigardelar (anleggsmiddel)		66 522	51 893
Obligasjonar (anleggsmiddel)		0	0
Utlån		0	0
Immaterielle eigedelar		0	0
Pensjonsmiddel		9 914 815	9 119 237
Sum anleggsmiddel		57 667 155	59 401 633
Omløpsmiddel			
Bankinnskot og kontantar		26 407 653	28 261 897
Finansielle omløpsmiddel			
Aksjar og eigardelar (omløpsmiddel)		0	0
Obligasjonar (omløpsmiddel)		0	0
Sertifikat		0	0
Derivat (omløpsmiddel)		0	0
Kortsiktige fordringar			
Kundefordringar		94 001	1 109 181
Andre kortsiktige fordringar		4 005 799	1 185 876
Premieavvik (kortsiktige fordringar)		-70 405	-320 886
Sum omløpsmiddel		30 437 048	30 236 068
Sum eigedelar		88 104 203	89 637 701
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Eigenkapital drift			
Disposisjonsfond		-15 906 525	-18 370 616
Bundne driftsfond		0	0
Møirforbruk i driftsrekneskapen		0	0
Eigenkapital investering			
Ubundne investeringsfond		0	0
Bundne investeringsfond		0	0
Udekt beløp i investeringsrekneskapen		0	0
Annan eigenkapital			
Kapitalkonto		-17 558 281	-16 575 943
Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen drift		0	0
Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen investering		0	0
Sum eigenkapital		-33 464 806	-34 946 559
Langsiktig gjeld			
Lån			
Gjeld til kredittinstitusjonar		0	0
Obligasjonslån		0	0
Sertifikatlån		-36 785 734	-42 355 734
Pensjonsforpliktning		-8 297 031	-6 883 034
Sum langsiktig gjeld		-45 082 765	-49 238 768
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		-4 779 082	-2 625 652
Likviditetslån		0	0
Derivat (kortsiktig gjeld)		0	0
Annan kortsiktig gjeld		-4 777 549	-2 826 722
Premieavvik (kortsiktig gjeld)		0	0
Sum kortsiktig gjeld		-9 556 631	-5 452 374
Sum eigenkapital og gjeld		-88 104 203	-89 637 701
MEMORIAKONTOAR			
Ubrukte lånemiddel		4 973 892	6 413 078
Andre memoriakontoar		0	0
Motkonto for memoriakontoane		-4 973 892	-6 413 078
Sum memoriakontoar		0	0

BUDSJETTAVVIK OG ÅRSAVSLUTNINGS DISPOSISJONAR

§5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar							
Netto driftsresultat							2 464 091
Sum budsjettdisposisjonar							-5 705 000
Årests budsjettavvik (meir- eller mindreforbruk før strykningar)							-3 240 909
Strykning av overføring til investering							
Strykning av avsetning til disposisjonsfond							-
Strykning av dekning tidligare års meirforbruk							-
Strykning av bruk av disposisjonsfond							3 240 909
Meir- eller mindreforbruk etter strykningar							-
Bruk av disposisjonsfond for reduksjon av årets meirforbruk etter strykningar							
Bruk av disposisjonsfond for inndeckning av tidlegare års meirforbruk							-
Bruk av mindreforbruk etter strykningar for dekning av tidligare års meirforbruk							-
Avsetning av mindreforbruk etter strykningar til disposisjonsfond							-
Framført til inndeckning i seinare år (meirforbruk)							-
Sum investeringsutgifter, investeringsinntekter og netto utgifter vidareutlån							-4 804 271
Sum budsjettdisposisjonar							-
Årets budsjettavvik (udekka eller udisponert før strykningar)							-4 804 271
Strykning av avsetningar til ubundne investeringsfond							
Strykning av overføring frå drift							
Strykning av bruk av lån							4 804 271
Strykning av bruk av ubunde investeringsfond							
Udisponert beløp etter strykningar							0
Avsetning av udisponert beløp etter strykningar til ubunde investeringsfond							0
Framføring til inndeckning seinare år (udekka beløp)							0

NOTE 1: Arbeidskapitalen

BALANSEN	31.12.2023	01.01.2023	Endring
Omløpsmidler	30 437 048	30 236 068	200 980
Kortsiktig gjeld	9 556 631	5 452 374	4 104 257
Arbeidskapital	20 880 416	24 783 694	-3 903 278
DRIFTS- OG INVESTERINGSREGNSKAPET (bevilgningsoversikter)			2023
Netto driftsresultat			-2 464 091
Netto utgifter/inntekter i investering			0
Endring ubrukte lånemidler (økning +/- reduksjon-)			-1 439 187
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsregnskapet			-3 903 278
Differanse i endring arbeidskapital balanse og drift og investering			0

NOTE 2: Kapitalkonto

BALANSEN	31.12.2023	01.01.2023	Endring
Anleggsmidler	57 667 155	59 401 633	- 1 734 478
Langsiktig gjeld	45 082 765	49 238 768	- 4 156 003
Endring ubrukte lånemidler (økning +/- reduksjon-)	4 973 892	6 413 079	- 1 439 187
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker anleggsmidler			
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker langsiktig gjeld			
Netto endring	17 558 281	16 575 943	982 338

NOTE 3: Lån og minsteavdrag

Eksterne lån	Bokført verdi 31.12	Løpetid	Rentefot	Refinansering*
Lån til egne investeringer	36 785 734	3 mnd	5,37 %	06.02.2024
Lån til andres investeringer				
Lån til innfrielse av kausjoner				
Lån til videre utlån				
Finansielle leieavtaler				

Søre Sunnmøre IKT		
Avskrivning 2023		15 073 211
Bokført verdi 01.01.2023		50 230 503
Samla lånegjeld 01.01.2023		42 355 734
Minsteavdrag 2023		12 710 144
Bokført og betalt minsteavdrag 2023		12 718 000

NOTE 4: Varige driftsmiddel

	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år	Tomter	Sum alle anlegg
	IT-utstyr, kontormaskiner	Inventar, verktøy, bilar	Tekniske anlegg	Boligar, vegar, skulelokale mv.	Adm.bygg, sjukeheim.mv		
Bokført verdi per 1.1.23	50 230 504	0	0	0	0	0	50 230 504
Tilgang	12 528 525						12 528 525
Avgang							0
Avskrivninger	-15 073 211						-15 073 211
Nedskrivninger							0
Bokført verdi 31.12.23	47 685 818	0	0	0	0	0	47 685 818

NOTE 5: Aksjer og andelar

	31.12.2022	31.12.2023
Eigenkapitalinnskot KLP	51 893	66 522

NOTE 6: Fond

Balansen	31.12.2023	01.01.2023	Endring
Disposisjonsfond	15 906 525	18 370 616	-2 464 091
Bundne invest. fond	0	0	0
Ubundne invest. fond	0	0	0
Bundne driftsfond	0	0	0
Fond	15 906 525	18 370 616	-2 464 091
Avsetninger og bruk av avsetninger			
Disposisjonsfond	Beløp		
Beholdning 01.01.2023	18 370 616		
Avsetninger til fondet	0		
Bruk av fondet	-2 464 091		
Beholdning 31.12.2023	15 906 525		

FORDRINGAR

Kortsiktige fordringar er samansett av :

ALLE	4 029 395
213890090 Kunder - tilfeldig fakturering	94 001
216080990 Periodiseringskonto	1 729 068
216080999 Periodisering - betalte, ikkje påløpte kostnader	122 588
216610002 Refusjon sjukepengar og feriepengar av sjuke	71 283
216640800 Oppgjerskonto momscomp. RF-0009	1 715 356
216650001 Fordringar på andre kommunar	367 504
219080001 Premieavvik	-61 704
219080003 Arbeidsgjevaravgift premieavvik	-8 701

GJELD

Kortsiktig gjeld er samansett av :

ALLE	-9 556 631
232080003 Avsetning feriepengar dette år	-1 490 914
232080013 Avsetning feriepengar tidlegere år	-0
232320001 Påløpt rente	-303 074
232320002 Ekstra.ord avdrag til betaling året etter	-1 800 942
232550100 Pensjon KLP	3 525 872
232550101 Arbeidsgivars andel KLP (motpost 10900)	-2 997 044
232550102 Arbeidstakars andel KLP	-528 828
232640001 Forskuddstrekk	-608 376
232640003 Arbeidsgjevaravgift, skyldig	-361 080
232640004 Avsett arb.avg. av feriep. f.å.	-0
232640005 Avsett arb.avg. av ferieo. d.å.	-210 219
232640312 Utg.mva innførsel kjøp tjenester -momscomp	-2 944
235200001 Leverandørgjeld (Visma) - gjeld fom. 2020	-4 779 082